

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Notat 1/2319 Side 1	PROSJEKT: REGULERINGSPLAN MASSEUTTAK GREFSNESET PROSJEKTNR : 2319	Utarbeidd av: Jorunn Beate Lillebø Lande/Kåre Gjengedal Dato: 08.04.2019
Tiltakshavar/prosjekt: JMC Holding AS. Kontaktperson: Kjell Arne Aurstad		
Utførande konsulent: AG Plan og Arkitektur AS Kontaktperson: Kåre Gjengedal		

Moment i høve «Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven» - §1 Krav til planinitiativet

Punkt	Omtale
	<u>Generelt:</u> JMC Holding AS har avtale med grunneigar i høve disponering av grunnen og korleis grunnen skal kunne nyttast i etterkant av masseuttaket. JMC Holding AS står difor som tiltakshavar for arbeidet med reguleringsplanen. JMC Holding AS har avtale med Aurstad AS vedkomande det faktiske arbeidet i massetaket. Dette slik at Aurstad AS er drivar av anlegget og vil vere søkjar på dei konkrete bygge- og anleggstiltaka som skal skje innan området.
a)	<u>Formålet med planen</u> Målsettinga med planarbeidet er å få godkjent ein reguleringsplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare skal eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong inngå. Det visast til pågåande kommuneplanarbeid og til Fylkesmannen sitt vedtak med løyve til mottak og mellomlagring og knusing av returasfalt av 30.04.2018. Detaljar kring etterbruken av arealet fastsetjast under planprosessen og nedfellast i avtale mellom JMC Holding AS og grunneigar. Førabels er det lagt til grunn at tenleg areal planerast og ordnast til for å kunne disponerast til jordbruksareal/-føremål.
b)	<u>Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet</u> På Grefsnese er det eit gammalt steinbrot som har vore i drift sidan 1987. Etter 6 -7 år utan drift i brotet er det no ynskje og planar om å ta ut moglege resterande masser. Totalt er det berekna at det står igjen ca. 720 000 fm³ med fjell. Steinbrotet har ei sentral plassering i Søre Sunnmørere regionen og lokaliseringa medverkar såleis til at anlegget er godt eigna til sal av steinprodukt. Som kartutsnitt under viser ligg planområdet inntil E39, Rotsethorntunnelen går i fjellet nord for planområdet med eigen avstikkar ut til Grevsneset. Den gamle Austefjordvegen utgjør tilkomsten fram til planområdet. <u>Forslag til planområde:</u> Føreslått planområde er avgrensa til eksisterande steinbrot og planlagt framtidig uttak av massar. Viser her til ingeniørgeologisk vurdering av steinbrotet (Asplan Viak 28.08.2018) og driftsplan for steinbrotet (Aurstad 04.10.2018). Planområdet er i hovudsak lokalisert på gnr. 31 bnr 1 og er i privat eige. Vegareal sør for steinbrotet har gards- og bruksnummer 31/7. Planområdet si avgrensing må avklarast nærare i høve t.d. vegar - også Rotsethorntunnelen, tilstøytande arealbruk mm. Førabels stipulert storleik planområde er ca. 75 daa.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF



Flyfoto med ca.-markering av planområdet.

Verknadar utanfor planområdet:

Steinbrot:

Heile brotområdet blir avsperra med bom slik at uvedkommande ikkje skal kome inn/utsettast for risiko for skade. Vidare er området sikra med landbruksgjerde for å forhindre at beitedyr kjem inn på anleggsområdet. Området vert tydeleg skilta ved inngangen til brotet.

I høve verksemd knytt til steinbrot vil støy og støv vere aktuelle problemstillingar.

Brotet ligg inne i et «søkk» mot fjellet som gjer at spreining av støv og støy blir i stor grad begrensa i dette området. Mellom bustadhus og brotet ligg eit fjellparti som hindrar innsyn, og reduserer ulempene i høve støy og støv mot bustadhus.

Både bustadhus og trafikk til og frå steinbrotet vil nytte tilknytningstunnel til Rotsethorntunnelen (E39). Gardstun og bustadhus i området ligg vest for rundkøyringa ved tunnelopninga, område for steinbrot ligg sør for tunnelopninga. Anleggstrafikk vil gå utanom bustadhus og gardstun, noko som gjev gode forhold i høve trafikktryggleik.




Foto teke frå gardstuna på Grefsneset mot rundkøyringa. Bak garasjen skimtar ein tunnelopninga. Til høgre i bildet eit bustadhus som ligg ca.. 20 m frå rundkøyringa. Kjelde Google Maps.

Brotet er steng med bom ca. 80 m aust for rundkøyringa. Vegen er også stengt med bom aust for steinbrotet, ved Løvikneset. Salvar som sprengast vert gjort slik at ingen steinar hamnar i fjorden eller i fare for å treffe andre installasjonar. Utslag og storleik på salvar bidreg til at dette er mogleg å overhalde. Støy og støv er handtert ved vatning, og arbeidstidsordning vert innanfor gjeldande krav.

Rådgjevande arkitekt og ingeniør • arkitektbedriftene • RIF

Det kan ventast svært små utslepp frå lagring av handtering av returasfalt. Verksemda må sørge for at lager av returasfalt og -betong blir plasserte slik at eventuell avrenning blir minimal og at lageret ikkje er utsett for moglege skred som kan føre desse avfallsfraksjonane ut i fjorden.

Tiltaket grensar i sør mot viktig naturtype. Det er eit samanhengande område med rik edellaauvskog med verdi a (svært viktig) på grunn av at det er ein etter måten stor og artsrik edellaauvskoglokalitet med ein del sjeldne og dels varmekjære artar. Potensialet for funn av raudlista eller sjeldne soppar er tillagt ei viss vekt i verdivurderinga.



Viser elles til fylkesmannen sitt løyve etter forureiningslova med samtykke frå planmyndigheita som er kommunen., datert 30.04.2018 i høve mottak og mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong:

«Verksemda er lokalisert på eit areal der det har vore massetak i lang tid. På grunn av langvarig menneskeleg bruk, er det få naturkvalitetar att. Vi kan derfor ikkje sjå at verksemda det blir søkt om, vil gi nemneverdig påverknad på viktig naturmangfald. Ei vidare vurdering av denne saka etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) er derfor ikkje nødvendig.»

c)

Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak

I tillegg til steinbrot er det planlagt lokalisert eit anlegg for mottak, mellomlagring og knusing av returasfalt og returbetong innan planområdet. Det vert her vist til løyve i høve forureiningslova gitt av Fylkesmannen 30.4.2018 for slikt anlegg.


Steinbrot

Tiltaksområde og prinsipp for disponering av området etter endt drift:

Etter avslutta anleggstid skal den flate delen av området planerast og ordnast til for å kunne disponerast til jordbruksareal. Eit lag med 0-8 massar blir lagt over heile området for å rette av, deretter blir det lagt på eit ca. 0.7 m jordlag over heile området. Ein rasvoll mot fjellskjeringa skal etablerast for å hindre at eventuell lausstein skal kome ut på jordbruksområdet. Fjellskjeringa vert fortløpande planta til med stadleg vegetasjon, etter kvart som brotet sine pallar vert ferdigstilt. Alt av straum, vatn og brakker vert rigga ned under ferdigstelling av området. Framhaldande drift knytt til returasfalt og returbetong vert etablert på eigne/avgrensa områder.

Plan under (Avslutningsplan, teikning nr 804) syner korleis området er planlagt disponert etter avslutta drift. Område avgrensa av blå linje viser planlagt berguttak. Brunt areal syner planlagt igjen ståande avtrapping med planlagde pallar stipla inn. Lys blå linje syner planlagt fanggjerde. Raud linje angir eksisterande brot, arealet er i hovudsak flatt. Blått område syner planlagt i standsett areal. Gult område syner sikringsvoll som er planlagt etablert ved foten av uttaket. Grøn linje er eigedomsgrense.

Rosa skravur angir vegen forbi uttaket (tidlegare fylkesveg).



Teikn. Nr 804 Avslutningsplan (Aurstad AS).


Planlagt uttak, opprydding og sikring under drift

For å ta ut fjellet vert det etablert ein anleggsveg for å kunne transportere utstyr opp og ned til toppen av brotet. Denne vert liggande under heile anleggsperioden, og tatt med nedover etter kvart som pallane kjem lavare ned.

Uttaksområdet er og blir maskinreinska/spettreinska og bolta frå toppen av steinbrotet. Alle lausmassar er reinska ned til kote 45-50, slik at berget før uttak består av fast fjell i heile uttaksområdet.

Øvste tilkomstveg i brotet, som er ca. 6 m brei, vert palla ned 10 m frå dagens vegnivå og på denne pallen vert palledjupne minimum 10-15 meter. Her vert det etablert steinsprangnett/fanggjerd 2000 kJ med høgde ca. 4 m (dimensjonerast nærmare i samsvar med søknad).

Vidare ned vert pallhøgde inntil ca. 15 meter, og palldjupne ca. 5 meter. Palldjupne/-breidde vert vurdert på kvar pall, og fagleg vurdering vert gjort ut frå fjellkvalitetar som vert løpande avdekka gjennom drifta (jf. sprekker, lagdeling mv.) før vidare drift.



Prinsipp for uttak av pallar.

Det vil ved behov verte sett att pallar i sidene på brotet, om dette vert vurdert som nødvendig. Reinsking og evt. bolting på kvar enkelt pall vil verte utført før neste pall vert påbegynt.


Som det kjem fram av teikning nr 808 Tverrprofil, så viser det at endeleg brotvegg vil få tilnærma same utforming som eksisterande terreng (teikning nr 809). I plandokumenta vil snitt og lokalisering av snitt bli detaljert.

Det er gjort måling av eksisterande bergvegg, teikning nr 809. Pallbreidda er i utgangspunktet tenkt minimum 5 m, men verkeleg breidde vil vere avhengig av fjellet sine vertikale hovedsprekkesystem, då veggen vil verte klipt i naturlege vertikale slepper eller «knusingsoner». Då vert ferdig utsprengt brotsvegg ca. 59 grader (teikn. Nr 808) medan opprinnelig terreng ligg med ca. 64 grader (teikn. Nr 809).


Avsatsane vil også dempe småstein som eventuelt kjem i frostsprengingsperioden, samt gjere det mogleg med ei viss tilplanting om det skulle vere behov (teikn. Nr 811). I tillegg har ein muligheit å kome til for å sette ekstra boltar, nett eller band.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF




Teikning nr 808 Tverrrprofil. Utsprengt brotsvegg ca. 59 grader. Sjå henvising på teikn. Nr 803.



Teikning nr 809 Tverrrprofil naturleg skjæring. Opprinneleg terreng ca. 64 grader. Sjå henvising på teikn. Nr 803.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF



Teikning nr 701 Lengdeprofil for planlagt uttak av massar.

Raud linje – eksisterande terreng. Prinsipp for pallar med ein breiare pall øvst i uttaket for etablering av tilkomstveg, på denne skal det også etablerast 4 m høgt steinsprangnett/fanggjerdje. Massar merka grønt syner uttak i etappe 1, massar merka rosa syner uttak i etappe 2.

Etappevist uttak

Brotet skal takast ut som vist i etappeplan under


Totalt uttak: Ca. 720 000 fm³

Årleg uttak: Ca. 60 000 fm³

Driftstid for uttaket: 12-15 år

Alt av vrakmasser vil i stor grad verte brukt til å bygge opp voll mot brotvegg etter slutført uttak. Sjøå teikn nr 804 Avsluttingsplan. Sikringsvoll vil verte fortløpande bygd i frå aust mot vest under driftsperioden.

Overflatevatn i området som tilsig frå fjellsida ovanfor vil verte handtert. Prinsipp for slik løysing vil verte å kome tilbake til i samband med det vidare planarbeidet.



Teikn. Nr 803 Etappeplan. Lokalisering av dei ulike profilane er markert.

AG Plan og Arkitektur AS

Kontoradresse: Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta

Postadresse: Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta

Sentral Godkjenning: 2002011841

Tlf: 700 616 00

www.agplan.no

firmapost@agplan.no

Org.nr: 884 182 042 MVA

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

	<u>Anlegg for returbetong og returasfalt</u> Anlegg for returasfalt og retur betong vil bli etablert på den planerte delen av masseuttaket, tilnærma på same nivå som vegen. Lokalisering av anlegg og omfang av dette vil bli å avklare gjennom planprosessen. Anlegget si driftstid vil vere i hht ei kvar tid gjeldande løyve. Ved avslutning vil etablering av arealet til landbruksføremål gjelde som for det andre flate arealet.
d)	<u>Utbyggingsvolum og byggehøgder</u> I høve utbyggingsvolum og byggehøgder for returanlegg vil dette verte å avklare i den vidare planprosessen. Det er å forvente at med plassering anlegget mellom veg og planlagt masseuttak, vil høgdeverknaden av anlegget verte avgrensa til synlegheit for evt. forbipasserande og frå fjorden. Gjenstående skjeringsveggar i brotet vil gi visuell skjerming særskilt frå vest.  Foto frå bom ved rundkøyringa på Grefsneset teke mot masseuttaket. Lite av massetaket er synleg frå denne ståstaden. Kjelde: GoogleMaps.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

e)	<u>Funksjonell og miljømessig kvalitet</u> <i>Planområdet står i dag fram som eit masseuttak, jf. oppstart av masseuttak i 1987. Då arbeidet starta opp var vegen sør for masseuttaket fylkesveg og hovudferdselsåre mellom Austefjord og kommunesenteret Volda. Etter Kvivsvegen er denne trafikken lagt i tunnel forbi planområdet (Rotsethorntunnelen, E39) og det er etablert eigen tunnelavstikkar til Grefsnaset der det er rundkøyring i dagen som fordelar trafikken til bustadane og gardstuna på nordsida og masseuttaket på sørsida mm.</i> <i>Den endra trafikksituasjonen i området gjev gunstigare tilhøve for drift av steinbrot mm. Det er kjent at den tidlegare fylkesvegen i noko grad vert nytta som turveg, vegen ligg i sørvendt strand med gode soltilhøve, det er rasfare på delar av strekninga og ferdsel er på eige ansvar. Bruken av vegen som turveg er såleis avgrensa, det er heller ikkje kjent at der er planar om å sikre vegen for slik ferdsel. Verksemd knytt til steinbrot og returanlegg synest ikkje å vere i vesentleg konflikt med bruk av vegen som turveg slik status for vegen er i dag.</i> 
f)	<u>Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader</u> <u>Skredfare</u> <i>Brotet ligg innanfor «aktsomhetsområde» for alle typer skred (snøskred, steinsprang og jord- og flomskred).</i> <i>Terrenget har tynt lausmassedekke og har vegetasjon og skog heilt til toppen av fjellsida over aktuelt område. Terrenget er stort sett brattare enn 45 grader over store delar av steinbrotet. Det er et definert «gjøl». Dette kjem i kanten av det planlagde uttaket.</i>



Foto – dagens situasjon.

Det er mindre sannsyn for at det skal førekome jord- og flaumskred samt snøskred. Brotet er derimot utsett for steinsprang. For å sikre mot steinsprang fram til det vert etablert fanggjerd i øvre del av steinbrotet, vert arbeidet stoppa ved nedbørsmengder som aukar faren for steinsprang. Det er også utført noko boltesikring av blokker på topp av steinbrot.


Ingeniørgeologisk vurdering

Det er utarbeidd ingeniørgeologisk vurdering av skjæringsveggane og permanent veggvinkel når brotet er avslutta. Sjå vedlagt notat utarbeidd av Asplan Viak datert 28.08.2018.

Illustrasjon under syner oversiktssituasjon av planlagt uttak. Basert på sprekkegeometrien i området er det gunstige sprekkeretningar i området for å oppnå stabil endevegg. Lagdelinga har fall inn i skjeringa med fall 30 -45 grader, slik at denne ikkje utgjør ein risiko verken for utgliding eller blokkutvelting (toppling) i endeveggen.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF



Lagdeling og sprekkorientering vist på Avslutningsplan.


Dei to andre gjennomgåande sprekkesetta er steile, og er steilare enn det endeleg skjeringsvegg er tenkt. Det gjer at dei kvar for seg ikkje utgjer ein risiko for utgliding i skjeringsveggane. I kombinasjon kan sleppa danne avgrensa kilar som kan gli ut. Desse er avgrensa og sikrast ved behov etter kvar utførte pall.

Sidan sprekkavstanden ligg i området 0,5 – 1 meter vil det vere opp mot 1 m³ store blokker som potensielt kan løysast ut. Denne blokkstorleiken er fullt mulig å sikre forsvarleg under uttak av pall.

Viser elles til NOTAT Ingeniørgeologisk vurdering steinbrudd Greifsneset, dat. 28.08.2018.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

g)	<u>Forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplaner og retningslinjer, og pågåande planarbeid</u> I kommuneplan 1989-2000 er området vist som Landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot spreidd utbygging (LNF sone A). Innanfor desse områda kan ikkje byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruks-næringa tillatast, Jf PBL § 20-4, 2. ledd pkt.c.  Utsnitt av kommuneplan 1989-2000. Område vist som LNF sone A. I pågåande arbeid med revisjon av kommuneplanen inngår arealet som BRU9-Grevsneset. Føreslått arealbruk er Råstoffutvinning. Det er ikkje reguleringsplan for området.
h)	<u>Vesentlige interesser som kan påverkast av planinitiativet</u> <u>Naturmangfald</u> Så langt vi kan sjå vil planinitiativet ikkje ha vesentlege verknader for natur og miljø og evt. andre interesser utover eksisterande situasjon. I den vidare planprosessen vil ein avklare korleis det skal takast omsyn til registrerte naturverdiar. Sjå punkt b). (jf. elles førebels notat om naturmangfald). I førebels KU utarbeidd i tilknytning til revisjonen av kommuneplanen/arealdelen heiter det at «Tiltaket grensar i sør mot viktig naturtype. Det er registrert ein art av særleg stor forvaltningsinteresse nær tiltaket. Desse verdiane må takast omsyn til. Middels negativ konsekvens.
i)	<u>Korleis samfunnssikkerheit skal takast i varetas, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit</u> Planlagt tiltak vil ikkje i vesentleg grad påverke kringliggande tiltak/samfunnsfunksjonar knytt til ROS. (Viser elles til førebels ROS-vurdering, jf. vedlegg).
j)	<u>Kva berørte offentlige organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart av planarbeidet</u> - Grunneigarar/naboar - Vanlege høyringsorgan (fylke, NVE, fylkesmannen, statens vegvesen, kommunale organ som barn- og unge representant m .fl.) - Lag/organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet - Særskilde grupper

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

k)	<u>Prosessar for samarbeid og medverknad frå berørte fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre berørte</u> <i>Dersom det er særskilt behov for det kan det vere tenleg med eit drøftingsmøte med grunneigarar/naboar /særskilde grupper eit stykke ut i planprosessen – når planarbeidet er kome noko i gang og slik at vi kan presentere planskisser og disponering av planområdet.</i>
l)	<u>Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli teke varett på</u> <i>Avklarast i oppstartsmøte. I kva grad avklarast KU i kommuneplanarbeidet?</i> <i>Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli teke vare på:</i> <i>«Forskrift om konsekvensutredninger» har i §6 definert tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast. Så langt vi kan sjå vil ikkje dette tiltaket kome inn under nokon av vilkåra fastsett i paragrafen sine delpunkt a), b) og c).</i> <i><u>Etter § 8 skal planer og tiltak konsekvensutgreiast om dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter §10, men ikkje ha planprogram eller melding:</u></i> <i>a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unnateke frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidligare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligare planen.</i> <i>b) tiltak i vedlegg II som handsamast etter ei anna lov enn plan- og bygningslova</i> <i><u>Etter bokstav a) kjem tiltaket inn under vedlegg II pkt. 2a): «Mineraluttak, herunder torvskjæring».</u></i> <i><u>Vurdering etter §10 er difor relevant gjeldande dette forholdet.</u></i> <i>Etter vedlegg I, tiltak pkt. 19 skal tiltak som overstig uttak av 2 mill. m³ og/eller på eit område større enn 200 daa - konsekvensutgreiast.</i> <i>I denne saka gjeld det masseuttak: ca. 720.000 m³ over eit areal på ca. 30 daa.</i> <i><u>I § 9 «Opplysingar som skal leggjast fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarlig mynde si vurdering etter § 11 eller § 12» er:</u></i> <i>a) planen eller tiltaket, tiltakets fysiske eigenskapar og lokalisering og eventuelle rivingsarbeid:</i> <i>- Masseuttak inntil 750.000 m³</i> <i>- Etablering av bygningar gjeld midlertidige anlegg (knuseverk, brakkerigg, ev. mindre bygg for oppbevaring/lagring av produksjonsutstyr som ikkje bør stå uteomhus når det ikkje er i bruk). Fotavtrykk (BYA) for slike installasjonar er førebels sett til ca. 3-4 daa som eit anslag.</i> <i>- tilhøyrande parkeringsareal til bygningane/anlegget</i> <i>Planområde ca. 75 daa. Potensielt bygningsareal, ca. 3.000 m². (I tillegg kjem areal til parkering tilhøyrande produksjonsanlegget/byggeareala).</i> <i>b) miljøverdiar som kan bli vesentlig berørt og som krev særskilte omsyn:</i> <i>- ingen</i> <i>c) planen eller tiltaka sine venta vesentlege verknader som følgje av reststoff, utslepp og produksjon av avfall:</i> <i>Ingen vesentlege verknader grunna:</i> <i>- finstoff som følgje av sprenging/knusing samlast opp</i> <i>- lokal drivstoff tank etablerast på eigen plass i hht. forskrifter</i> <i>- støy ved sprenging/knusing/masseuttak avgrensast ved etablering av skjeringar som verkar støydempande.</i>

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

- sprenging og masseuttak i tidsrom som fastsett i forskrifter og nabolov.
- handtering av returmassar i hht. løyve frå FM 30.04.2018.

d) forventa vesentlege verknader som kan følgje av bruken av naturressursar:

Uttak av mineral (stein til bygge- og anleggstiltak):

- I hovudsak er kringliggande areal ikkje bygd ut. Uttaket av masser vil senke grunnvasstanden i området, men dette vil truleg ikkje har verknader for utbygde tiltak i nærområdet–jfr. eigedomane vest om planområdet.
- Eksisterande veganlegg (E39) i tunnel ligg tett på planområdet i nord og med noko større avstand mot vest. I høve planlagt uttak er det teke omsyn til veganlegget. Under planprosessen kvalitetssikrast masseuttaket opp mot Rotsethorntunnellen.
- Overflatevatn vert å handtere både i uttaksperioden og for etterbruk.

Førebels vurdering etter

§ 10. «Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn»

Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:

a) storleik, planområde og utforming:

ca. 75 daa landareal, i gjeldande K-plan vist som LNF-område sone A.

b) bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar :

Området er planlagt nytt til masseuttak og returanlegg for betong og asfalt.

Vurdering:

Bruk av dei aktuelle areala til masseuttak og seinare etterbruk vil ikkje gjere inngrep i viktige friluftsområde – korkje lokalt, regionalt eller nasjonalt. Etterbruken vil vere grøne areal i form av planert areal opparbeidd til bruk som landbruksareal og skjeringsvegg med pallar tilplanta.

Uttaket av masser til bygningsmaterialar vil kome samfunnet til nytte. Uttaket vil endre landskapet, men terrengtilpassing vil skape nye volum som gjev innhald i landskapet. Så langt vi kan sjå medfører ikkje dette vesentlege verknader.

c) avfallsproduksjon og utslipp:

Uttaket av masser vil omfatte vegetasjon/jord/lause masser og stein til knusing. Vegetasjon/jord/lause masser vil bli nytta til seinare reetablering av grøne område. Uttak av stein vil bli nytta fullt ut ved knusing til ulike fraksjonar til bruk i bygge- og anleggstiltak. Vrakmassar vil i stor grad verte bruk til å bygge opp sikringsvoll mot brotvegg etter sluttført uttak.

Tiltaket medfører ikkje produksjon av avfall som vert ført til resipient eller andre nabo-områder. Utslepp vil ikkje omfatte miljøgifter. Utslepp vil vere lokalt avgrensa og teke hand om innan området (gjeld under masseuttaket og returanlegget).

Vurdering:

Ingen vesentlege verknader.

d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofar.

Vurdering:

Det vert lagt til grunn at sprenging, masseknusing og uttransport skjer på forskrifts messig måte. Det vert lagt til grunn at alle skjeringar sikrast under masseuttaket for å hindre fallulykker. Nødvendig sikring etablerast i tilknytning til arealet sin etterbruk. Uttransport av masse skjer på offentleg veg med eigna bruksklasse (BK10). Uttransporten vil ikkje gå gjennom tett utbygde område.

Ingen vesentlege verknader.

Lokalisering og verknaden på omgjevnadene omfattar en vurdering av om planen eller tiltaket kan

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

føre til eller komme i konflikt med:

a) verneområder etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utvalde naturtyper (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova

Vurdering:

Viser til registrert oter og naturtype med edellauvskog, sjå omtale i pkt. b). Basert på artsdatabanken og kart. naturbase kan vi ikkje sjå at tiltaket vil kome i direkte konflikt med verneområder eller forhold knytt til naturmangfaldlova, men det må takast omsyn til registreingane i den vidare planlegginga.

b) trua arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv

Vurdering:

Viser til registrering av oter i nærområdet. Vi vil tru at oteren si interesse til landarealet i stor grad vil vere knytt til kystlinja/arealet mellom vegen og sjøen. Arealet ovanfor vegen er bratt, ulendt og med begrensa skjul. Om ansvarlege mynde krev nærmare vurdering av planområdet sin verknad for oteren sin bruk og vandring i terrenget, så kan det gjerast ei særskild utgreiing som del av planomtalen. I høve edellauvskog sør for området er det ikkje planlagt ytterlegare inngrep enn det som allereie er gjort tett på førekomsten.

Elles ingen registreringar innan eller i nærleiken av planområdet.

Ingen vesentlege verknader ut over ev. konsekvensar for oterlokaliteten.

c) statlige planretningslinjer, statlege plan bestemmingar eller regionale plan bestemmingar gitt i medhald av plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmingar eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.

Vurdering:

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med statleg planretningslinje for samordna bustad-areal- og transportplanlegging, bruk av strandsona, klima og energiplanlegging eller rikspolitiske retningslinjer for born og unge.

Ingen vesentlege verknader.

d) større omdisponering av område sett av til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd

Vurdering:

I kommuneplan 1989-2000 er området vist som Landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot spreidd utbygging (LNF sone A). Innanfor desse områda kan ikkje bygge- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruks-næringa tillatast, Jf PBL § 20-4, 2. ledd pkt.c.

I pågåande arbeid med revisjon av kommuneplanen inngår arealet som BRU9-Grevsneset.

Føreslått arealbruk er Råstoffutvinning.

Planområdet vert i hovudsak omdisponert til massetak og returanlegg i driftsperioden for uttak av massar og ved avslutting av slik drift sett i stand til bruk som jordbruksareal (ca. 30 daa, jf. teikn. Nr 804, blått område).

Det opprinneleg bratte terrenget i området gjer til at det m.a. ikkje har vore oppdyrka jordbruksareal i nemnande grad innan planområdet. Den planlagde opparbeidinga av jordbruksareal ved avslutting av massetak vil gje eit godt bidrag til landbruksdrifta for bruk i området (ca. 30 daa). Samstundes vert det lagt til rette for at området ikkje gror att. Arealet er lett tilgjengeleg frå vegen, det vert nokså flatt og forholda vil slik sett ligge til rette for at området skal vere enkelt å drifte med landbruksmaskiner.

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

Oppsummering:

I samband med avslutta drift av massetak mm. og tilstelling av «nytt» landbruksareal vil planen ha positive verknadar i høve landbruk. I høve natur- og friluftsføremålet kan ein ikkje sjå at planforslaget skal ha vesentlege verknadar utover dei forhold knytt til naturtype som er planlagt avklara i planarbeidet.

e) auka belastning i område der fastsette standarar for miljøkvalitet er overskredde

Vurdering:

Tiltaket vil ikkje endre miljøkvalitetar for vatn.
Ingen vesentlege verknader.

f) konsekvenser for befolkninga si helse, for eksempel som følgje av vatn- eller luftureining

Vurdering:

Tiltaket medfører ikkje vatn eller luftureining. I hovudsak vil nemnande støv under sprenging/knusing oppstå lokalt innanfor planområdet. Viser elles til moglege tiltak i forurensingslova kap. 30.
Ingen vesentlege verknader.

g) vesentlig forureining eller klimagassutslepp

Vurdering:

Tiltaket medfører ikkje ureining av vasskjelder, vatn for almen bruk (sjøareal, andre vatn i friluftsområde).
Tiltaket medfører ikkje vesentleg ureining av luft anna enn noko lokalt støv i tilknytning til sprenging og steinknusing. Ureininga vil i hovudsak vere innan planområdet.
Tiltaket medfører ikkje ureining til sediment eller grunnen. Det vil ikkje oppstå ubehageleg lukt, stråling eller klimagassar som følgje av tiltaket. Tiltaket vil ikkje føre til vesentleg auke i tal personar som utsettast for støv, jf. tilrådingane i T-1442. Viser her til vedlagt driftsplan. Det er no ikkje utført støyberekningar, men det vert lagt til grunn at masseuttaket ligg skjerma av eksisterande fjellformasjon i høve bustadar vest for planområdet.
Ingen vesentlege verknader.

h) risiko for alvorlige ulykker som en følgje av naturfarer som ras, skred eller flom.

Vurdering:

Tiltaket vil ikkje gje auka fare for alvorlege flom- og eller skredsituasjonar. Vi legg då til grunn at fjellskjeringsflater vert sikra i hht gjeldande regelverk. Ved avslutting av massetak vil det vere etablert både steinsprangnett øvst i brotet og sikringsvoll i botnen. I driftsperioden vil arbeidet i brotet verte stoppa opp ved nedbørsmengder som aukar faren for steinsprang. Jf. ingeniørgeologisk notat.
Ingen vesentlege verknader utover det at området ved avslutta drift av massetak vil verte betre sikra i høve skredfare og steinsprang. Dette vil kunne gi betre sikring av vegen forbi planområdet.

Eigenskapar ved verknadene §10, fjerde ledd:

Som vist til over er det ikkje peika på vesentlege verknader.

Eigenskapane knytt til verknader er såleis ikkje særleg relevante i ei vidare drøfting.

Fjerde ledd i §10 viser til:

- Verknadene sin intensitet og kompleksitet
- Sannsynlegheit for at verknadene oppstår og når dei oppstår
- Varigheit og hyppigheit
- Muligheit for å reversere eller begrense verknadene
- Om verknadene strekker seg over landegrensene
- Samla verknader av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterande, godkjende eller planlagde planer eller tiltak.


Konklusjon:

Så langt vi kan sjå vil planinitiativet knytt til vedlegg II pkt. 2 a) ikkje ha vesentlege verknader på

AG Plan og Arkitektur AS

Rådgjevande arkitekt og ingeniør •arkitektbedriftene •RIF

forhold som påpeika i forskrifta sin §10. Det vert lagt til grunn at masseuttaket skjer etter driftsplan utarbeidd etter Bergvesenet sine retningslinjer, og godkjent av kommunen. Det vert elles lagt til grunn at forhold knytt til området med edellauvskog søraust for planområdet ikkje vert påverka. Dersom fagmynde (kommunen/fylkesmannen) krev nærmare utgreidd tiltaket sin verknad på den lokale registreringa av oter vert dette særskilt utgreidd som del av planarbeidet og innarbeidd i planomtalen.



Kåre Gjengedal
Sakshandsamar/Pagansvarleg/prosjektansvarleg
Siv.ing./planleggar, RIF godkjent rådgivar

Jorunn Beate Lillebø Lande
Medarbeidar
Master i arkitektur, planleggar

Vedlegg til planinitiativet:

- Driftsplan for uttak av sprengstein i Grevsneset, Aurstad 04.10.2018
- Notat – Ingeniørgeologisk vurdering steinbrudd Greifsneset, Asplan Viak 28.08.2018
- Vedtak om løyve til mottak og mellomlagring og knusing av returafalt og returbetong, Fylkesmannen 30.04.2018.